![DEN NORSKE KIRKE Kirkemøtet 2023]

DEN NORSKE KIRKE
Kirkemøtet 2023

**KM 18.1/23**

Innstilling 2 frå komité F

---

Saksdokumenter:
KM 18/23 Ei heilag,allmenn kyrkje i ei uroleg – uttale frå Kyrkjemøtet. Innstilling 1 frå komité F.

# Ei heilag, allmenn kyrkje i ei uroleg tid – uttale frå Kyrkjemøtet

## Komiteens merknader

1. Å kome med ein uttale er eit høve til å adressere viktige tema i vår samtid som Kyrkjemøtet bør uttale seg om. Forma på uttalen har ein eigen sjanger; det er ein sakleg argumenterande tekst som kan munne ut i konklusjonspunkt. Uttalen er skrive med utgangspunkt i overskrifta for temaet for Kyrkjemøtet i Kyrkjerådets sak 27/23.
2. Komiteen har i arbeidet med uttalen gått bort i frå den opphavelege tittelen på uttala «ei heilag, allmenn kyrkje i ei uroleg tid», og foreslår at tittelen på uttala i staden vert «Håp i ei uroleg tid».

~~2.~~3. Vi ser at det er eit stort mangfald av aktuelle saker som Kyrkjemøtet med rette kan og bør uttale seg om. Komiteen meiner likevel det er naudsynt å avgrense uttalen for at den ikkje skal bli for omfattande Komiteen viser til tidlegare Kyrkjemøte som også har gjeve viktige uttaler og teke standpunkt i ei rekke saker som kunne vore omtala. Desse har vi ikkje teke med her.

~~3.~~4. Komiteen ynskjer med uttalen å synleggjere at Den norske kyrkja er ei håpsrørsle som har noko å bringe inn i verda. Temaet for årets Kyrkjemøte, "Ei heilag, allmenn kyrkje" set søkelys på korleis kyrkja kan kome med håp i ei verd som er råka av uro og kriser.

~~4.~~5. Uttalen omtaler rapporten frå Stortingets sannings- og forsoningskommisjon som vart lagt fram 1.juni 2023. Komiteen har drøfta om uttalen i større grad skulle gå inn i funna som rapporten har gjort. Men vi meiner at Den norske kyrkja sine offisielle organ må handsame rapporten på ordinær måte for å sikre ei grundig og rettmessig handsaming og at kyrkja tek innover seg sitt ansvar før vi kan seie meir enn kva uttalen legg opp til i innstillinga.

6. Uttalen frå Kyrkjemøtet er skrive fore ~~for vil bli delt med,~~ frivillige, folkevalde og tilsette ~~som abonnerer på~~ Ho~~Det~~ blir delt gjennom ~~nyhendebrev~~ nyheitsbrev frå Den norske kyrkja~~,~~. Som alle andre offentlege dokumenter i kyrkja, blir ho ~~og~~ også gjort allment tilgjengeleg på kyrkja.no.

~~5.~~7. Komiteen takkar for endringsforslag og kommentarar i fyrstegongshandsaminga i plenum. Endringsforslag 1 er delvis ivaretatt i fyrste avsnitt. Dei resterande forslaga er innarbeida i teksten.

# Håp i ei uroleg tid

Kyrkja har eit bodskap om håp i ei uroleg verd. Paulus skriv i brevet hjå Filipperne: «Guds fred, som går over all forstand, skal vara dykkar hjarte og tankar i Kristus Jesus.» (Fil 4:7). Kyrkja er kalla til å forkynne denne bodskapen om håp i ei uroleg tid.

~~Kyrkja er kalla til å forkynne bodskapen om håp i ei uroleg tid.~~ Kyrkja er ei håpsrørsle. ~~Vårt o~~Oppdraget vårt er grunngjeve i Guds kjærleik til heile ~~sitt~~ skaparverket og ~~vårt~~ ansvaret vårt for å ~~forvalte~~verne om alt det skapte. ~~Vårt h~~Håpet er vissa om at Gud ikkje har forlatt vår verd. Evangeliet om den oppstadne Jesus Kristus ~~og hans oppstode~~ gjev næring til håpet om fred og forsoning, og kraft til endring i møte med klimakrise og urettferd.

Den norske kyrkja er ei folkekyrkje. Å vere folkekyrkje er mellom anna å forkynne Guds vilkårslause kjærleik, dele menneskes erfaringar og formidle Guds nærvær i det kvardagslege livet. Det som gjeld menneske, gjeld også Gud. Kyrkja opnar heilage rom for det alminnelege livet. Gud toler vår uro og bekymring.

## Kyrkja melder seg til teneste~~Kyrkja gjev kraft til håp~~

Konsekvensane av klimakrisa blir stadig tydelegare. I desse dagane kjenner også landet vårt på dei uføreseielege kreftene som klimaendringane fører med seg. Som kyrkje må vi kalle til omvending og handling. Verda må stå saman og søke endring for å verne om Guds heilage skaparverk.

I heile verda står demokratiet under press. ~~I ei tid som er meir uroleg, vert beredskapen rusta opp.~~ I nabolanda våre og i vårt eige land gjer ein førebuingar for krig og krigsliknande hendingar. Barn, ungdom og vaksne kjenner på ei uro i denne tida. Regjeringa sin totalberedskapskommisjon ~~arbeider med å~~har teikna~~e~~ ut korleis Noregs beredskap skal førebuast. ~~Eit viktig spørsmål handlar om behovet for å styrke den psykososiale beredskapen.~~

Den norske kyrkja forvaltar store ressursar: ~~Vi har~~ samlingsstader, infrastruktur, folk, kompetanse, erfaring og ikkje minst ein bodskap om håp som samfunnet og vi alle har bruk for. ~~Vi~~ Kyrkja ~~kan~~ skal opne møteplassar og mobilisere tilsette og frivillige til beste for fellesskapet. Kyrkja både kan og vil nære håpet i ei uroleg tid. Det viktigaste av alt er å bidra i arbeidet for rettferdig fred. Vi melder oss til teneste!

## Gud gir ~~K~~kraft til forandring

Vi ynskjer å vere med og skape forandring i samfunnet slik at alle menneske kan møtast med nestekjærleik, respekt og likeverd.  Skal kyrkja på ein truverdig måte kunne motverke polarisering, må alle som representerer kyrkja tale med tillit og rausheit, og med respekt for det universelle menneskeverdet som er gjeve oss av Gud.

~~Digitale media styrer stadig meir av kvardagen vår.~~ Kyrkjemøtet ser med alvor på at debattklimaet blir meir polarisert og er med å bidra til framvekst av ekstremisme. Sidan 22. juli 2011 er landet vårt rysta av fleire hatmotiverte terroråtak. Skytinga som var retta mot mennesker med~~Pride~~ LHBT+ identitet i Oslo i 2022, er det siste dømet på dette.

~~Den norske kyrkja ynskjer å vere ei kraft til forandring i samfunnet slik at alle menneske kan møtast med nestekjærleik, respekt og likeverd.  Skal kyrkja på ein truverdig måte kunne motverke polarisering, må alle som representerer kyrkja tale med tillit og rausheit, og med respekt for det universelle menneskeverdet som er gjeve oss av Gud.~~

## ~~Arbeid~~ Kyrkja ynskjer~~for~~ forsoning ved urett

Forsoningsarbeid er sentralt for kyrkja. Den norske kyrkja vil engasjere seg i forsoningsarbeid saman med urfolk og minoritetsgrupper.

Stortinget sin sannings- og forsoningskommisjon la fram sin omfattande rapport i juni 2023. Rapporten dokumenterer den norske statens fornorskingspolitikk mot samar, kvener/ norskfinner og skogfinnar. Kyrkja les rapporten med stort ~~sorg~~alvor. Den norske kyrkja har vore med på å legitimere og utføre overgrepa som er dokumentert i rapporten. Rapporten er viktig for kyrkja, og han må handsamast

grundig. Kyrkja skal lytte til forteljingane og gå djupt inn i den store mengda med dokumentasjon som no ligg føre.

**Kyrkjemøtet samla i Trondheim 2023:**

- ~~Takkar alle 12000 kandidatar som har stilt seg til disposisjon for årets kyrkjeval og oppfordrar~~ Oppmodar oss alle til ~~å vere med~~ å arbeide for eit sakleg debattklima på tvers av usemje og ulike meiningar.
- Bed Kyrkjerådet om å legge til rette for ei grundig handsaming av Sannings- og forsoningskommisjonens rapport, og at Kyrkjemøtet får rapporten til handsaming.
- Vil arbeide for å gjenopprette øydelagde relasjonar med mennesker med LHBT+ identitet som kyrkja har påført stor skade og smerte.
- ~~Støttar Bispemøtets og Kyrkjerådets forsoningsarbeid med personar med LHBTIQ+identitet som kyrkja har påført stor skade og smerte~~
- Ynskjer at Den norske kyrkja deltek i landets totalberedskap.
- Ynskjer brei oppslutnad om kyrkjevalet og takkar alle kandidatar som har stilt seg til disposisjon for årets kyrkjeval og alle frivillige og tilsette som er avgjerande for å gjennomføre kyrkjevalet.

……………………………………….. ……………………………………..

komitéleder saksordfører